


# KYRKJEBLAD

55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5/2001




## Val 2001

Med

- Presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet
- Tidspunkt for val
- Førehandsrøysting
- Korleis kan du røyste?
- Barnearbeid i Stamnes - ny mobilisering!

## TV-aksjonen til Kirkens Nødhjelp



Søndag 21. oktober

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

**Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29**

**e-post:**

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

**Ekspedisjonstid:**

**Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30**

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

**e-post:**

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

**e-post:**

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90196514

**e-post:** frode.kvamsoe@c2i.net

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

**e-post:** kapellanan@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLAD FOR****VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de øvst i denne spalta.

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome til Kyrkjekontoret innan  
23.november. Neste nummer kjem ut i  
veke 49.

**Javel,  
sokneråd!**

**Fireårsperioden** går mot slutten for mange av dei folkevalde soknerådsmedlemmane. Ei viss vegring mot å ta attval gjer at sokneråda vil ha ei anna samansetning etter valet enn i inneverande periode.

**Utfordringane** til dei som vert valde inn i sokneråda kan verte mange. For nokon er dette det fyrste møtet med eit offentleg organ som direkte kan påverke kvar dagen til innbyggjarane i sokna. Slik sett er sokneråda i ein særstilling, med at rådet gjev form til den kristne forkynninga i soknet i tillegg til å ta seg av offentlege forvaltningsoppgåver.

**Kyrkjelova** viser kva oppgåver sokneråda har, og kva reiskapar ein rår over. Kommunen har plikt til å fylge opp med å løyve midlar til drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, løner, administrasjonsutgifter og elles alt som må til for å oppfylle målsetjingane i lova.

Sjølv om lovteksten er klar, må sokneråda rekne med å konkurrere med dei kommunale etatane om midlane i trange tider – og elles. Dokumentasjon og argumentasjon i sakene må difor vere av høg kvalitet.

**Likskapane** mellom sokneråda, fellesrådet, kommunestyret, fylkestinget og stortinget er mange. Det gjeld for soknerådsmedlemmane å setje seg inn i lovverket og arbeidsforma til kyrkja, og gje klare signal om kva målsetjing ein har for dei ymse oppgåvene.

Om ikkje kan det fort gå slik som i fjernsynsserien "Javel, statsråd", som gjekk for ei tid sidan. I serien fekk som oftast administrasjonen viljen sin, etter å ha lagt fram saka på si eiga vis.

**Til lukke!**



*Elise*

*Sokneprest Frode Kvamsøe og kona Kristi Vaktdal Kvamsøe fekk den 23. september ei lita jente. Brørne hennar, Kristian, Håkon og Martin, seier at ho skal heite Elise.*

**Informasjon om soknerådsvalet  
på internett**

På [www.kirken.no/valg](http://www.kirken.no/valg) finn du informasjon om valet. Sidene er utvikla av kyrkja si informasjonssteneste. Her finn du til dømes svar på kven som kan stille til val, kven som kan røyste, kva som er soknerådet sitt ansvar, og om korleis andre har opplevd det å sitje i soknerådet.

Sidene vert jammleg oppdatert i heile valperioden.

Nytt e-postadressa [valg@kirken.no](mailto:valg@kirken.no) eller alminnelig postadresse: Valg, Kirkerådet, Postboks 5913 Majorstua, 0308 Oslo

# Er Gud ein Big Brother?

Av kateket Rune Øystese, Den norske kyrkja

*Sælt er det folk som har Herren til Gud, det folk han har valt til sin eigedom! Frå himmelen skodar Herren ned og ser kvart menneske. Frå sin tronstol held han auga med alle som bur på jøda, - han som har laga kvar manns hjarta, og merkjer seg alt det dei gjer. Stor makt gjev ingen konge siger, stor styrke bergar ingen mann i krig. Hesten er ein svikefull hjelpar, han bergar ingen med all si kraft. Men Herrens auga kviler på dei som ottast han og ventar på hans miskunn, så han kan fria dei fra døden og berge dei gjennom hungersnaud. Vi ventar med lengsle på Herren; han er vår hjelp og vårt skjold. Vårt hjarta gleder seg i han; for vi set vår lit til hans heilage namn. Lat di miskunn vera over oss, Herre! Det er deg vi ventar på.*

**Salme 33. 1222**

"Å bli sett" er eit moteuttrykk i vår tid. Lærarar og andre profesjonelle omsorgs-personar fortel kor viktig det er for oss at vi blir sett. Samstundes er vissa om det å bli sett noko som kan gi oss frysningar ned over ryggen. Det minner oss om det George Orwell skriv i boka 1984, om det totale overvakingssamfunnet der Storebror ser alt du gjer og ikkje gir rom for sjølvstendige tankar. Det er ikkje for ingenting at vårens mediehippo fekk namnet "Big Brother". Dei som var med der, vart fullstendig overvaka i 24 timer i døgeret slik personane i boka til Orwell vart det.

Men kva er så skilnaden mellom den positive og den negative opplevinga av å bli sett? Det er først og fremst opplevinga av haldningane til dei som følgjer med. Overvakarane er ikkje interesserte i den dei vaktar. Dei vernar seg sjølve eller "samfunnet". Den som er overvaka, vert sett på som eit trugsmål.

Å bli sett verkar positivt når den som ser, syner omsorg. Vi er glade i dei som viser interesse for oss når vi trur dei vil oss godt.

Gud ser også alt. Han følgjer med oss og veit om oss. Men det gjer han ikkje nødvendigvis til ein overvakar. Vi har vel alle hørt vitsen om presten som truga nokre ugagnskråker med eit "Gud ser deg!" Svaret var sjølv sagt: "Men han sladrar ikkje!" For Gud følgjer oss først og fremst med sin kjærleik og si omsorg. Det er ei trøyst i naud og ei von i vonløysa. For "Herrens auga kviler på dei som ottast han og ventar på hans miskunn".

Likevel trur mange at Gud er den store overvakaren, den ultimate Big Brother. Dette kan ha fleire årsaker. For eksempel har det vore sagt ein del uklokt i kristen oppseding. Barnesongen "Vær forsiktig lille øye hva du ser" er eit uttrykk for oppfatningar som har fått eit godt grep i folketrua.

Men den viktigaste grunnen til at mange opplever Gud berre utstyrt med strenge auge og øyre, er at dei ikkje har fått oppleva Guds nåde. Den som kjem til Gud med si hjelpeøyse og si mindreverdskjensle, med sine feilsteg og misstak, og opplever Guds totale og gjentatte tilgiving, kan vanskeleg sjå Gud berre som ein streng politimann. Gud er ikkje Big Brother, han er ein kjærleg Far som følgjer og vernar borna sine.



Kristeleg Pressekontor

## PRESENTASJON AV KANDIDATAR TIL SOKNERÅDSVALET 2001

- a) Tidlegare og neverande verv i sokneråd eller anna kristeleg arbeid
- b) Tidlegare og neverande verv i andre samanhengar

### DALE SOKNERÅD

#### Eli Kringlebotten

51 år, Stanghelle

- a) Soknerådsmedlem, klokkar, leiar i barnelag og søndagsskule.
- b) Tillitsvald i Norsk sykepleierforbund, styremedlem i Krf i Vaksdal



#### Einar Magne Straume

59 år, Dalekvam.

- a) Varamann i Stamnes sokneråd, søndagsskuleleiar



#### Åshild Hestad

- b) Vararepresentant i kommunestyret, skrivar i Dale Røde Kors, kasserar i Folkeakademiet



#### Marie-Brit Bjerke

59 år, Stanghelle

- a) Soknerådsmedlem.
- b) Leiar og styremedlem i Vaksdal lærarlag, Styreleiar i Hordaland lærarlag, leiar i Stanghelle skulekorps og Kordial.



#### Liv Marit Vik Dale

35 år, Dalekvam

**Soknerådsval i Dale sokn vert  
21.oktober umiddelbart etter  
gudstenesta, ca. kl.12.30 – 13.30  
Førehandsrøysting på kyrkje-  
kontoret frå 2.10 til 12.10**

#### Asbjørn Tvedt

65 år, Stanghelle

- a) Kommunalt medlem i Stamnes sokneråd.
- b) Medlem i kommunestyre, skulestyre, kulturstyre, formannskap, kommunale nemnder og utval, bygdelagsarbeid.



#### Åse Eikemo Strømme

57 år, Stanghelle

- Palma Myklebust**  
57 år, Dalekvam



#### Eva Gullberg

64 år, Stanghelle

- Steinar Dale**  
59 år, Stanghelle

- Else-Marie Bæra Mugaas**  
49 år, Stanghelle  
b) Styremedlem i Dale Handelsforening og Dale Sentrumsforening



#### Oddveig Straume

57 år, Dalekvam

- a) Soknerådsmedlem og soknerådsformann, søndagsskuleleiar.
- b) Tillitsvald i Norges sykepleierforbund, Studieleiar i Vaksdal Husflidslag.

**VAKSDAL SOKNERÅD****Tove Margrete****Nordmark**

47 år

a) Sokneårdsmedlem og leiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd.

**Odd Arild Faugstad**

53 år

**Grete Loftheim Dale**

49 år

a) Soknerådsmedlem, styremedlem i Bergen kristelige studentlag.

**Kjell Nysted**

52 år

**Johannes Skulstad**

69 år

b) Styremedlem i Vaksdal Pensjonistforening og Grannekontakten

**Karl Bøe**

56 år

b) Organisasjonsarbeid

**Martha Bjørsvik**

53 år

a) Soknerådsmedlem  
b) Leiar i Barnelaget

**Kari Bø**

43 år

a) Medlem av husstyret for menighetshuset på Råholt

**Helga Tjønnås**

56 år

Indre Sjømannsmisjon,  
Bergen krets, Sagstad Indremisjon, diakoni-nemnder.

**Odd Kåre Alvheim**

31 år

a) speidarleiar, Ungdomsrådet i Samemisjonen

**STAMNES SOKNERÅD****Aud Angeltveit**

64 år, Eidslandet

**Bjørg Dæmring Berge**

57 år, Stamnes

**Bjørn Arvid Ekse**

29 år, Eidslandet

**Håkon Jakobsen**

66 år, Stamnes

**Per Kulshamar**

49 år, Stamnes

**Marit Århus Myster**

47 år, Eidslandet

**Eidrun Straume Normann**

41 år, Stamnes

**Marit Sandal**

70 år, Stamnes

**Arild Stamnes**

41 år, Eidslandet

**Mons John Stamnes**

48 år, Stamnes

**Kjell Arnstein Vedaa**

42 år, Stamnes

**Martha Vik**

47 år, Stamnes

**Vaksdal sokn held valting i kyrkja  
14.10.01 i kyrkja etter gudstensta  
kl.12.30 – 13.30**

**Førehandsrøysting på kyrkje-  
kontoret på Dale og på kontoret i  
prestebustaden på Vaksdal 2. og 9.  
oktober kl.18.00 – 19.00**

**Stamnes sokn held soknerådsval  
21.oktober i Stamnes kyrkje etter  
gudstenesta, omlag kl.12.30 – 13.30  
og i Eidsland kapell etter guds-  
tenesta, omlag kl.18.30 – 19.30**

**NESHEIM SOKNERÅD****Ingunn Gullbrå**

65 år, Gullbrå

a) Soknerådsformann,  
misjonsforening og  
Søndagsskule**Sveinung Tyssen Bergo**

38 år

**Lilly Nese**

65 år

**Hallvard Gullbrå**

48 år, Ekse

**Anne Marit Finne**

39 år

**Nils L. Nesheim**

62 år

**Anita Gullbrå**

31 år. Gullbrå

b) Styremedlem i Døla-  
laget og Grendalaget.**Arne Nesheim**

58 år

**Lilly Brekkhus**

54 år. Gullbrå

a) Soknerådsmedlem  
b) Styret i Grenda-laget**Terje Gullbrå**

50 år

**Oddvar Fosse**

59 år

a) Soknerådsmedlem/  
formann**Atle Bergo**

55 år

**EKSINGEDELEN SOKNERÅD****Ester Gullbrå**

59 år

**Jostein Flatekval**

51 år

**Grete Haugen**

50 år

**Jon Trefall**

41 år

**Bjørg Lavik**

38 år

**Karin Flatekval**

34 år

**Bjørn Eikefet**

37 år

**Britt Nese**

44 år

**Berit Vetlejord**

56 år

b) Styremedlem i ulike  
samanhenger lokalt og  
kommunalt

**Eksingedalen sokn held soknerådsval  
21.10 i kyrkja etter gudstenesta,  
omlag kl.17.30-18.30**

**Nesheim sokn held soknerådsval  
11.11 i kyrkja etter gudstenesta,  
omlag kl.12.30 –13.30**

**Førehandsrøysting på Nærbutikken  
for begge sokn, sjå oppslag.**

**BERGSDALEN SOKNERÅD****Ragna Lid**

35 år

**Edvard Kleven**

53 år

**Berit Pettersen**

41 år

**Solveig Brekke**

26 år

**Jan Haldor Hatlestad**

41 år

**Anne Hilde Fosse Osvold**

32 år

**Per Småbrekke**

48 år

a) Formann og medlem i  
soknerådet. Leiar i  
Vaksdal søndagsskulelag  
b) Styremedlem i ymse lag

**Olaug Fagerbakke**

40 år

**Ragnvald Berge**

36 år

**Margunn Fosse**

63 år

**Dan Berge**

33 år

**Anne Lise Bergo**

38 år

**Gerd Norunn Haga**

55 år

**Bjørg Fosse**

43 år

b) Styremedlem i Bergsdalen Ungdomslag

**Bergsdalen sokn held soknerådsval i  
kyrkja 28.okt. etter gudstenesta omlag  
kl.12.30 – 13.30.**

**Førehandsrøysting kan skje på  
Kyrkjekontoret på Dale frå 2.okt. –  
12.okt. og på Bergsdalen skule torsdag  
25.okt. kl.14.00 – 16.00**

**KVEN KAN RØYSTA VED  
SOKNERÅDSVALET?**

”Røysterett ved valet har alle medlemmar i Den norske kyrkja som bur i soknet og som har fylt 18 år seinast det året det vert røysta og ikkje er frådømt røysterett i offentlege saker.”

**KORLEIS KAN EIN RØYSTA?**

Soknerådsvalet vert halde som **fleirtalsval**. Det vert røysta på eigne røystesetlar, som inneheld namn på kandidatane.

Ved fleirtalsval kan veljaren:

- kummulera namn, d.v.s. føra opp namn som står på vallista ein gong til ved å setja eit kryss, eller skriva *kum* ved namnet, eller ved å skriva namnet ein gong til.
- føya til namn på vallista og visa tydeleg kvar på lista namnet skal stå
- stryka namn på lista ved å setja ein strek over namnet
- endra rekjkjefølja på namn ved å endra nummer framfor namna eller endra plassen på røystesetelen

## SØNDAGSSKULEN

### Stanghelle søndagsskule

Søndagsskuleleiarane ynskjer alle born velkommen til søndagsskule i Stanghelle bedehus på søndagar kl.11.00. Foreldre, eldre sysken eller andre må gjerne vera med.

7., 14. og 21. oktober vert det ikkje søndagsskule. Sådan vert det kvar søndag t.o.m. 16.desember.

### Dale søndagsskule

Søndagsskulen er i Dale bedehus kl.10.00

7.oktober er det ikkje søndagsskule.

### Straume søndagsskule

På Straume samlast søndagsskulen i Karistova hjå Arne og Eidrun kl.10.30 dei søndagane det ikkje er gudsteneste i Stamnes kyrkje.

### Vaksdal søndagsskule

På Vaksdal er det søndagsskule i konfirmantrommet kl.11.00

7.og 14. oktober vert det ikke søndagskule, heller ikkje 11.november, fordi det då er familiegudsteneste kl.17.00 med utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4-åringane.

### Bergsdalen søndagsskule

Søndagsskulen er i Bergsdalen kyrkje kl.10.00. Borna vil få eigen melding om datoane.

### Eksingedalen søndagsskule

Borna i Eksingedalen vil få melding om kva tid det vert søndagsskule og stadvalet.

## KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 7.OKTOBER 1951

På dagen 50 år etter dette biletet vart tatt, samlast 17 av dei til jubileum i Dale kyrkje 07.10.01



Biletet er utlånt av Eva Guldberg, Stanghelle

**1.rekke frå venstre**grid Karin Brudvik, Marta Ingrid Grøttå, Helga Breidvik, Solveig Hvidsten, Res.kap. Nicolai Lien, Aud Helle, Else Margrethe Rønhovde, Astrid Dale og Anna Kristina Dankertsen.

**2.rekke ståande bak frå venstre**Eva Guldberg Hesjedal, Anna Lid, Elbjørg Dale, Berit Louise Ekanger, Inga Eikefet, Borghild Brekke, Liv Dysvik, Marit Johannessen Boge, Lisbeth Lid, Kirsten Marit Anthun.

**3.rekke frå venstre**Kjell Eide, Roald Ekanger, Arne Kvamme, Erling Ivar Viksund, Georg Norvald Tjønneland, Alf Karstein Pettersen, Olav Karstein Verpelstad, Asbjørn Fredrik Fornes, Manfred Eugen Marx, Reidar Gunnar Helle, Paul Ansgar Fotland, Bjørn Ekanger, Knut Olav Berge.

## Barne- og ungdomsarbeidet i Stamnes kyrkjelyd:

### NY MOBILISERING

*Barne- og ungdomsarbeidet innanfor Stamnes kyrkjelyd har det siste tiåret sakte, men sikkert, gått frå å vera ganske aktivt til å gå nærast i dvale. Det eine tilbodet føre og det andre etter har vorte innstilt. Årsakene til dette har nok vore mange; - men både manglande oppslutnad og mangel på leiarkrefter (i dobbel tyding) har vore nokre av desse.*

#### LEIARSAMLING

Det manglande tilbodet har soknerådet i lengre tid hatt planar om å gjera noko med, og tidleg i september tok ein seg endeleg på tak og fekk kalla inn til felles inspirasjonskveld i Stamnes bedehus. Målsetjinga for møtet var ganske klår: Å snarast råd kunna gje eit nytt tilbod til born og ungdom i kristen regi.

#### INSPIRASJON

Kapellanen vår, Edvard Bø, hadde teke på seg å prøva inspirera dei om lag 15 frammøtte til ny dyst. Ved å setja fokus på ei rekkje skriftstader frå Bibelen, gav han tilhøyrarane ei god åndeleg ballast å ta med seg vidare.

#### KVELDSMAT OG NYTTIG PRAT

Etter ”inspirasjonstimen” var det tid for eit godt kveldsmåltid. Etter måltidet gav Edvard tilhøyrarane nokre utfordrande spørsmål i høve fortid, notid og framtid. Det viktigaste av dette var sjølv sagt framtida.

#### BARNEKOR OG VING

Kvelden enda opp med at ein bestemte seg for å starta opp to typar ungdomsarbeid: barnekor for aldersgruppa 4 – 10 år, og VING for aldersgruppa 11 – 13 år. Tone Synnøve Øygard Steinkopf, som tok del i samlinga, sa seg villig til å ta det musikalske ansvaret for barnekoret, noko møtelyden var særslig glade for.

#### SNARLEG OPPSTART

Innan kort tid, rundt månadsskiftet september/oktober, skal begge tilboda koma i gong. Det vert sendt ut informasjon til føresette om tilboda. Barnekoret skal ha øving annankvar onsdag frå kl. 17:00 – 18:00, fyrste gong vert 3.oktober, medan VING skal ha møte annankvar fredagskveld. (Sjå plakatar). Når det gjeld VING skal ein prøva å få til ein vri frå tidlegare utgåver. Med anna vil ein ta i bruk nærmiljøet både ute og inne i Stamnes bygda. Ein legg opp til ein skikkeleg frisk opning: Ola D. Kvamme har stilt båten sin til disposisjon til første møte!

#### OPPFORDRING

Soknerådet vonar med dette at så mange som mogeleg av borna på Eidslandet og Stamnes som er innanfor aldersgruppa 4 til 13 år, vil nytta seg av tilboden. Berre på denne måten er det mogeleg å halda tilboda oppe! Så oppfordringa vert: Send borna på barnekor og VING! Dei vil garantert få meiningsfulle og kjekke tilbod på fritida!

Ove Magne Straume

#### KONSERT I HØVE TV-AKSJONEN

Onsdag 17.oktober kl.20.00

i DALE KYRKJE

Karoline Vik Hegge , fiolin og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf, orgel og piano

Kollekt til inntekt for Kirkens Nødhjelp, TV-aksjonen

ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED

SNEKKER  
**KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36 - Fax: 56 59 67 75 - E-mail kaajo@online.no

## Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam

## Meir tid til det som er viktig

Med NettBank kan du utføra  
dine banktenester sjølv via internett

**SpareBank 1 Vest**

Tlf. 815 22 002 www.spv.no



**PETERSEN & YPSØY**

Dalekvam A/S  
Bokhandel - Steintøy - Kiosk - Foto  
Konsul Jebsensgt. 4  
Telefon: 56 59 61 58 - Faks: 56 59 67 66



**FRI BOKHANDEL BA**

Frie bokhandlere for fantasi og fellesskap



**Frisørsalong**

RANDI OG EVA

Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

Har du lyst til å fornye deg?  
Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.  
-Kosmetikk -Fjerning av uønsket hår  
-Hull i ørene -Hair extensions ( sveising )  
-Brudepynting



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.



**DALE MATSENTER**

Pb. 163, 5701 Voss  
tlf. 56 59 62 23  
faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.



**KIRKENES NØDHJELP**

Valdalen blomster og  
Begravelsesbyrå

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



### DALE

09.09 Simen Berntzen Bolstad  
23.09 Lars Seim Myklebust  
23.09 Elias José Simmenes Simbaña

### EIDSLAND

23.09 Andreas Gullbrå Isaksson



### VIGDE

15.09 Unni Seim og  
Bjarte Eidsnes,  
vigde i Mariakirken i Bergen



### AVLIDNE

#### DALE

31.07 Anlaug J. Berge, f.1912  
16.08 Adler Martin Ekanger, f.1921  
23.08 Synnøve Hesjedal, f. 1919  
29.08 Einar Kåre Moberg, f.1924  
10.09 Henrik Rolland, f.1908

#### STAMNES

12.09 Nora Marie Fjellanger, f.1936

#### EIDSLAND

05.03 Arthur Jakobsen, f.1914

#### EKSINGEDELEN

07.08 Bjørn Ståle Fjellanger, f.1958

### KONFIRMANTMUSIKALEN

## "Rykte om englar"

**24.november kl.18.00**

**I DALE KYRKJE**

Det Norske Misjonsselskap  
REGION BJØRSVIK  
Telefon 55 31 00 61  
Telefax 55 31 04 06  
Nettsted 0813 570025  
Bankgiro 5220.02.85103



## Leirer høsten 2001

### Kvamssæter:

**5.-7.okt** MC-leir 13år Tenleir  
Pris: 450 kr

**8.-10.okt** Horisontleir 5.-7.kl  
Pris: 410 kr

**7.-9.des** Adventsleir 2.-4.kl.  
Pris: 400 kr

## KONGENS FORTENESTE MEDALJE TIL GUNVOR BJØRSVIK



## BARNEKOR PÅ STAMNES

**Onsdag 3.oktober kl.17.18.**

### i Stamnes Bedehus

Oppstart av nytt barnekor for born i  
alderen 4 – 10 år

Leiar: Tone Synnøve Ø. Steinkopf  
Øvingane vert annankvar veke

På biletet står Gunvor Bjørsvik med medaljen på ei fin kinesisk jakke, saman med barne- og familiearbeidar i Normisjon, Ingunn Eikeland, bak t.v. redaktør Eivind Hauglid frå NMS og Øivind Olsnes

## "BRILLIANT DEBUT"



Foto: Petter Solheim

"Olav Arne Steinkopf debuterte på orgel i Oslo domkirke onsdag (19.09). Her bød han på et krevende program, som også inkluderte en uroppførelse, nendig *Forkynnaren* av Knut Vaage. I dette verket medvirket også Per Jørgensen på trompet og Iva Kolve på slagverk. Debutkonserten ble meget vellykket.".....

*Frå VÅRT LAND 21.09.01*

Gunvor Bjørsvik fekk Kongens fortenestemedalje i sølv ved ei tilstelning på Vaksdal Bedehus 17.august.

Bedehuset var fullsett av slekt, vene og representantar fra organisasjonar som Gunvor har vore knytta til: KFUK-speidarane, lag og foreningar innan kristeleg arbeid på Vaksdal

Ordførar Øivind Olsnes gav Gunvor medalje og diplom, og mange kom med helsingar og gåver.

Vi gratulerer!

## ADVENTSKONSERTAR

**Stamnes laurdag 8.12 kl.16.00**

**Vaksdal søndag 9.12 kl.19.00**

## VI SYNG JULA INN I DALE KYRKJE

**søndag 16.12 kl.18.00**

### VELKOMEN TIL KYRKJE



### VAKSDAL KYRKJE

**30.sept. kl. 11.00** Høgmesse.  
Ole Øystese og E. Bø. Nattverd.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

**14. okt. kl. 11.00.** Høgmesse.  
Kvamsøe. Offer til Radio  
Vaksdal. SOKNERÅDSVAL

**28. okt. kl. 11.00.** Bededags-  
gudsteneste. Bø. Nattverd.

**11. nov. kl. 17.00.** Familie-  
gudsteneste. Bø. Utdeling av  
Barnas Kyrkjebok til 4-åringar.  
Offer til IKO.

**25.nov. kl.11.00**  
Høgmesse. Bø. Jubileum.

**2.des. kl.18.00** Lysmesse med  
konfirmantane. Bø og Kvamsøe.

**16.des. kl.11.00** Høgmesse.  
Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det  
Norske Misjons-selskap.

### EIDSLAND KAPELL

**21. okt. kl. 17.00.** Høgmesse.  
Bø. Nattverd. Offer til Kirkens  
Nødhjelp. SOKNERÅDSVAL  
**9.des. kl.18.00** Lysmesse.  
Kvamsøe. Offer til IKO.

### DALE KYRKJE

**7. okt. kl 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Kvamsøe. 50- og 60- års  
konfirmant-jubileum. Offer til  
kyrkjelyds-arbeidet.

**21. okt. kl.11.00.**

Høgmesse. Kvamsøe. Offer til  
Kirkens Nødhjelp – TV-  
aksjonen. SOKNERÅDSVAL

**4. nov. kl.17.00.** Familieguds-  
teneste. Kvamsøe. Utdeling av  
Barnas Kyrkjebok til 4-åringar.  
Offer til Søndags-skulen

**18. nov. kl.18.00.** Tomasmesse.  
Nattverd. Kvamsøe.

**24. nov. kl.18.00**

Konfirmantmusikalen "Rykte om  
englar".

**2.des. kl.18.** Felles lysmesse.  
*Sjå Vaksdal kyrkje.*

**9.des. kl.11.00**

Høgmesse. Bø. Offer til Bjørgvin  
Familierådgivingskontor.

### STAMNES KYRKJE

**30. sept. kl. 19.00** Høgmesse.  
Prostiprest Larsen. Nattverd.  
Offer til Norsk Lærar-akademi.

**21. okt. kl. 11.00.** Høgmesse.  
Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
SOKNERÅDSVAL

**4. nov. kl. 11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Bø. Offer til IKO.

**25.nov.kl. 16.00**

Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Utdeling av Barnas Kyrkjebok til  
4-åringane. Offer til Søndags-  
skulen på Straume/Stamnes.

**2.des. kl.18.00**

Felles lysmesse. *Sjå Vaksdal*

### BERGSDALEN

#### KYRKJE

**28. okt. kl.11.00.** Høgmesse.  
Kvamsøe. Offer til Fagertun  
leirstad. SOKNERÅDSVAL

**4.nov. kl.11.00**

*Kyrkjejubileum i Evanger kyrkje.*  
**9.des. kl.16.00** Lysmesse. Bø.

### EKSINGEDELEN

#### KYRKJE

**21. okt. kl.16.00.** Høgmesse.  
Kvamsøe. Nattverd. Offer til  
Kirkens Nødhjelp.

SOKNERÅDSVAL

**9.des. kl.15.00**

Felles Lysmesse. *Sjå Nesheim.*

### NESHEIM KYRKJE

**30. sept. kl 16.00.**  
Høgmesse. Jostein Sæter og  
prostiprest Larsen. Nattverd.  
Offer til Norsk Lærarakademi.

**4.nov. kl.11.00**

*Kyrkjejubileum i Evanger kyrkje.*

**11. nov. kl.11.00.** Høgmesse.  
Nattverd. Bø. Offer til Bergen  
Søndagsskolekrets.

SOKNERÅDSVAL

**9.des. kl.15.00** Lysmesse.

Kvamsøe. Utdeling av Barnas  
Kyrkjebok til 4-åringar. Offer til  
søndagsskulen i Eksingedalen.

**16.des. kl.11.00**

Vi syng jula inn.

*Sjå Eksingedalen kyrkje.*

### **VIKTIG MELDING!**

Det er viktig at de ser etter i  
lokalavisene og på plakatar for å  
kontrollera m.a. klokkeslett for  
gudstenestene.